

ÅRSMELDING 2024

Foreininga Fjordvegen Riksveg 13 er ei interesseforeining for den viktige indre samferdselsåra Rv 13 på Vestlandet som går gjennom fylka Rogaland og Vestland. Fjordvegen Riksveg 13 har riksvegstatus og er ei livsnerve for kommunane den går gjennom, både for næringsliv, turisme og innbyggjarar frå Stavanger i sør til Sogndal i nord.

Vedtekter:

Vedtekter for Fjordvegen Riksveg 13 gjekk gjennom ein revisjonsprosess i 2022-23 og vart vedteke på årsmøtet 17.04.2023.

Foreininga sitt føremål er:

1. Å arbeida for oppgradering og vedlikehald av Rv 13 slik at denne blir ein trygg veg med gjennomgåande høg standard for heile strekninga.
2. Å marknadsføra vegstrekninga som ei effektiv, vakker transportåre og som den indre stamvegen mellom Stavanger og Sogndal.

Føremålet er følgt opp med ein årleg revidert treårig Handlingsplan med desse måla:

- *Fjordvegen Riksveg 13 skal verta den viktigaste reiskapen for regionar, kommunar og verksemdar til å skaffa midlar til rassikring, fullverdig vegstandard utan standardbrot og med gul stripe på Riksveg 13.*
- *Fjordvegen Riksveg 13 skal målretta støtte reiselivet i Fjordveg-regionen for auka konkurransekraft basert på lokale opplevingar.*

Styret frå årsmøtet 2024:

Styret har 7 styremedlemmer. Det er 5 årsmøtevalde for 2 år om gongen og 2 valde frå fylkeskommunane for ein 4-årig valbolc. Styret skal ha møte så ofte som arbeidet krev det. Styret skal driva selskapet for utvikling av og pådriving for riksveg 13 og gje uttalar på vegne av organisasjonen.

Styret har i 2024 halde sju styremøte og handsama 42 saker. I tillegg kjem Årsmøtet 2024 som vart halde den 04.03.2024 på Flesland ved Bergen. Styret har invitert eksterne innleiarar i styremøta, m.a. frå Statens vegvesen og Nye Veier AS.

Styret vald i 2024:

Val av styremedlem for 2 år:

Marta Sofie Vange, Vik kommune, attval
Olav Lindseth, Suldal kommune, ny

Val av varamedlemmer i rekkjefølgje for 1 år:

1. Vibeke Johnsen, Sogndal
2. Roy Egil Stadheim, Vik kommune
3. Samson Hamre, Voss herad

Leiar og nestleiar vald for 1 år:

Leiar Marta Sofie Vange, Vik kommune, attval.
Nestleiar Anita Husøy Riskedal, Hjelmeland kommune, attval.

Ikkje på val 2024 (totalt fem personar):

Styremedlemmer:

Roald Aga Haug, Ullensvang kommune

Anita Husøy Riskedal, Hjelmeland kommune

Ingvald Torblå, Hardanger Industri

2023-2027 Fylkesvalde med personleg varamedlem:

Kristoffer Amdal - Rogaland fylkeskommune, gjeldande frå oktober 2023. Varamedlem:

Vebjørn Mathiesen Solli.

Marthe Hammer - Vestland fylkeskommune, gjeldande frå desember 2023. Varamedlem

Gunnar Moland.

Ny valnemnd vald i 2024:

Sigbjørn Hauge - leiar, Gerd Helen Bø og Arnstein Menes.

Administrasjonen:

Fjordvegen Riksveg 13 kjøper administrative tenester hjå Hardangerrådet iks.

Tidlegare dagleg leiar i Hardangerrådet iks Jostein Eitrheim, var også dagleg leiar i foreininga Fjordvegen Riksveg 13 til årsskiftet 2023/24.

Hardangerrådet har ikkje hatt dagleg leiar i 2024, men har gjort tilsetting til neste årsskifte 2025. Konsulent Trude L. Rinaldo i Hardangerrådet har i 2024 følgt opp sekretariatet i avtalt ressurs for Fjordvegen Riksveg 13 gjennom 2024.

Seniorkonsulent Hanne Sundbø er tilsett i Hardangerrådet iks i 50% stilling. Fjordvegen Riksveg 13 kjøper desse konsulenttenestene frå Hardangerrådet etter avtale.

Medlemskap:

Alle offentlege institusjonar, næringsforeningar og private føretak som støttar føremålet, kan verte medlem og betala årskontingent etter kategori.

Ved utgang av året 2024 har selskapet 11 kommunar, 2 fylkeskommunar, 3 regionråd, 7 næringsforeningar/næringsorgan, og 25 verksemder/stiftingar som medlemmer:

Stavanger kommune, Postboks 8001, 4068 STAVANGER

Ulvik herad, Skeiesvegen 3, 5730 ULVIK

Sauda kommune, Postboks 44 ,4201 SAUDA

Strand kommune, Rådhusgt., 4100 JØRPELAND

Hjelmeland kommune, Vågavegen 116, 4130 HJELMELAND

Suldal kommune, Eidsvegen 7, 4230 SAND

Ullensvang kommune, Opheimsgt.31, 5750 ODDA

Eidfjord kommune, Simadalsv. 1, 5783 EIDFJORD

Voss herad, PB 145, 5701 VOSS

Sogndal kommune, PB 153, 6851 SOGNDAL

Vik kommune, PB 134, 6891 VIK I SOGN

Vestland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN

Rogaland fylkeskommune, Postboks 299, 4002 STAVANGER

Hardangerrådet iks, PB 78, 5782 KINSARVIK

Ryfylke iks, Ryfylkevegen 7040, 4130 HJELMELAND

Sognarådet - interkommunalt politisk råd, PB 153, 6851 SOGNDAL

Sogn Næring AS, Trolladalen 30, 6856 SOGNDAL

Vik Næringssamskipnad, 6893 VIK I SOGN

Hardanger Industri, Smelteverket 57, 5750 ODDA

Ullensvang Reiseliv, Pb 73, 5782 KINSARVIK

Ullensvang Handel, Eitrheimsvegen 9, 5750 ODDA

Suldal Næringsforening, Sandsvegen 134, 4230 SAND
Hjelmeland Handels- og Serviceforening, 4130 HJELMELAND

Blix hotell, Sentrumsgata 44, 6891 VIK I SOGN
VikØrsta AS, avd. Vik, Elvagata 206893 Vik i Sogn
Norway's Best Group, Pb 42, 5742 FLÅM
Fjordtind Hotels, Bekkjarvikveien 104, 5114 TERTNES
Kjærtveit camping AS, Simadalsvegen 13A, 5783 EIDFJORD
Hardanger Fjordsafari AS, Simadalsvegen 3D, 5783 EIDFJORD
Halldor Utne, Kinsarvikvegen 1, 5780 KINSARVIK
Kinsarvik Camping, 5780 KINSARVIK
Kyrkjjetangen AS, Johannesbergstr. 33, 8645 Jona, SVEITS
Ulsnes gard, Kinsarvikvegen 777, 5780 KINSARVIK
Energiselskapet Hardanger, Pb 33, 5782 KINSARVIK
Mass Hus AS, Postboks 13, 5782 KINSARVIK
Hotel Ullensvang, Ullensvangvegen 865, 5781 LOFTHUS
Lofthus Auto, Lofthus, 5781 LOFTHUS
Odda Rutebuss, Postboks 54, 5751 ODDA
Bypass Skredsikring AS, Heiane 31, 5412 STORD
Foreininga Trygg RV13 gjennom Suldal, Permansdalen 1, 4230 SAND
Mibau Stema Group AS Jelsa, Jelsavegen 512, 4234 JELSA
Ullestad & Jansen Transport AS, Vikaneset 76, 4130 HJELMELAND
Autagro Årdal AS, Årdalstunet 13, 4137 ÅRDAL
Heidelberg Materials Tilslag Norge Årdal, Svadbergveien 27, 4137 ÅRDAL
Fiskå Mølle as, Fiskåvegen 1010, 4120 TAU
Stiftelsen Preikestolen, PB 199, 4126 JØRPELAND
Felleskjøpet Rogaland Agder SA, Pb 208, 4001 STAVANGER
NAF Stavanger og omegn, Stokkamyrveien 10, 4313 SANDNES

Kontingent 2024 for Fjordvegen Riksveg 13

Medlemskategori 1: Kommunar	kr 45.000
Medlemskategori 2: Næringssselskap/Interesseselskap over 50 medl	kr 5.000
Medlemskategori 3: Næringssselskap/Interesseselskap inntil 50 medl	kr 2.500
Medlemskategori 4: Bedrifter/Andre med over 100 tilsette	kr 5.000
Medlemskategori 5: Bedrifter/Andre med under 100 tilsette	kr 2.500
Medlemskategori 6: Bedrifter/Andre med inntil 5 tilsette	kr 1.000
Medlemskategori 7: Vestland fylkeskommune	kr 200.000
Medlemskategori 8: Rogaland fylkeskommune	kr 120.000

Kort om arbeidet i selskapet i 2024

Foreininga Fjordvegen Riksveg 13 har hatt eit høgt aktivitetsnivå i 2024. Saman med kommunar, fylkeskommunar og andre aktørar har Fjordvegen Riksveg 13 arbeidd i høve til det siste året av revisjonen av ny Nasjonal transportplan 2025 – 2036. Regjeringa har forsert prosessen slik at ny plan vart lagt fram for Stortinget allereie våren 2024. Dette gav ein kortare og meir intensiv prosess. Samstundes følgjer selskapet opp gjennomføringa av vedtatt NTP ved årlege statsbudsjett, samt fagetatane Nye Veier AS og Statens vegvesen si oppfølging av årlege program/budsjett. Nye Veier AS som særskilt sjølvstendig organ med eige styre og med ansvar for nordre del av riksveg 13 frå Skare til Sogndal, krev noko anna tilnærming enn Statens vegvesen.

Påverknad for å få fokus generelt på rassikring og spesielt på prosjekt og midler for rassikring og standardheving langs Rv 13 er prioritert. Det er arbeidd mot fleire politisk nivå

for å få finansiert og igangsett viktige prosjekt.

Representantar frå Nye Veier og Statens vegvesen har hatt orientering og svart på spørsmål på dei fleste styremøta på nett. Selskapet prioriterer å bidra til god informasjonsstraum til lokalsamfunn, medlemmer og elles alle interesserte rundt pågåande planarbeid og prosjekt under utføring, samt til samarbeide mellom dei to etatane.

Arbeidet med ny NTP 2025 - 2036

Arbeidet i høve revisjonen av Nasjonale transportplan under ny regjering blei tatt opp tidleg vår 2022 med statsråden sine bestillingar til fagetatane.

Administrasjonen i Fjordvegen Riksveg 13 har følgd med på dei forskjellige ramene og bestillingane departementet har sendt ut og etatane sine leveransar, samt korleis ein følgjer opp Stortingsvedtaket, m.a. Gjennomføringsplan for ras- og skredsikring på riks- og fylkesveg.

Det positive i høve oppfølginga av vedtatt NTP er m.a. at utrekning av den såkalla velferdsgevinsten som kan oppnåast ved rassikring skal inn i Effekt-utrekningane. Dette er del av grunnlaget for utrekning av samfunnsnytte for Statens vegvesen sin Tiltaksplan som kjem frå februar 2025. Tiltaksplanen er oppfølging av vegvesenet sin del etter ny NTP. Nye Veier nyttar tilsvarende utrekningar.

Årskonferansen med årsmøte

Arrangementet blei halde på Flesland ved Bergen 4. mars 2024. Styret ville ha ein tidleg årskonferanse for å få god og brei merksemd på rassikring og standardheving generelt og spesielt for rv 13 i god tid før regjeringa la fram sitt NTP-forslag.

Overskrifta var Trygge vegar for liv og helse – blir behovet dekt av ny NTP?

Rassikring og utbetring av kvardagsvegar som riksveg 13

Styret ønskja å få med gode faginnlegg samt flest mogleg parti frå Stortinget med innlegg og debatt. Både statssekretær som presenterte departementet sine rårer, samt Nye Veier og Statens vegvesen fekk presentera sine planar og arbeidsmåtar for rv 13. Ein kan elles nemna at Nasjonal Rassikrings-gruppe med ny styreleiar presenterte sine mål. Klimaveg-prosjektet som nærma seg slutten, ble forklart av Vestlandsforskning. Alle faginnlegg er vist i lenke under.

Det vart oppnådd deltaking med breidde og god geografisk spreining og aktivitet med spørsmål og synspunkt frå medlemmer, frå fagmiljø og frå alle politiske nivå. Erfaring over tid viser at konferansen har funne ei form og ei rolle med hovudfokus på rassikring og standardheving som ikkje andre arrangørar tek på seg, og ein får deltaking utfrå dagsaktuelle tema. Å få arrangementet både fagleg og politisk interessant og tilstrekkeleg med deltakarar innafor strame økonomiske rårer krev nøyre planlegging og er ressurskrevjande.

Meir om konferansen, programmet og innlegga:

<https://fjordvegen.no/arskonferansen-mandag-4-mars-2024-flesland-v-bergen/>

Nasjonal transportplan (NTP)-prosessen:

Fjordvegen Riksveg 13 sitt engasjement i prosessen for ny NTP 2025-36:

<https://fjordvegen.no/ntp-2025-2036-oppstart/>

I løpet av 2024 har engasjementet vore følgjande:

NTP-forslaget frå regjeringa vart lagt fram rett før påske 22. mars. Der var det ikkje noko sporbart nytt av større tiltak for rv 13 og vart opplevd svært negativt. Rassikring generelt fekk heller ikkje det fokus som både Nasjonal Rassikringsgruppe og Fjordvegen Riksveg 13 ønskja.

Det var i forslaget spesifisert at Vikafjellet skal inngå i Nye Veiers portefølgje, men utan ekstra løyvingar til tunnel. Det betyr i praksis at prosjektet ikkje vil verta gjennomført i

overskueleg tid. Oppsummert var dette eit svært dårleg NTP-forslag for riksveg 13. Det er og å merka seg at Nye Veier sine prioriteringar av prosjekt for rv 13 blir ikkje styrt av NTP. Det positive gjaldt rassikring av Rødsliane med tunnel på riksveg 13 i Suldal. Tiltaket har gått som ein parallell prosess med vedtak utanom nye forslag i NTP, med Stortingsbehandling våren 2024 og utlysing av anbod hausten 2024.

Fjordvegen Riksveg 13 sendte [uttale](#) om situasjonen for riksveg 13 spesielt, og rassikring generelt til Transport- og kommunikasjonskomiteen før deira høyring i april 2024.

Fjordvegen Riksveg 13 vart invitert på Mobiliseringskonferansen i regi av Bergen Næringsråd på Flesland for heile Vestlandet 9. april. Fjordvegen hadde felles innlegg saman med Haukelivegen/E134 og industribedrifta Boliden Odda.

Det var grunn til å visa fram det dårlege i NTP-forslaget for riksveg 13 på denne godt besøkte dagskonferansen.

Heller ikkje i revidert nasjonalbudsjett 14.5.2024 kom regjeringa med noko sporbart for riksveg 13. Likevel ligg nokre tiltak inne i Statens vegvesen sine postar for vedlikehald og utbetringar.

21. mai fekk Fjordvegen Riksveg 13 møta Stortingsbenkane for våre fylker, Hordaland og Sogn & Fjordane, og ni representantar frå seks parti på Stortinget møtte oss for presentasjon av riksveg 13 sine utfordringar i høve NTP-forslaget. Dessutan vart rassikring som generell utfordring drøfta sidan riksvegane ikkje har fått den ønskja tildelinga av midler som må til, 2 mdr kr meir pr år. Dette kravet er Fjordvegen Riksveg 13 og Nasjonal Rassikringsgruppe samde om.

Tilbakemeldinga frå Stortingspolitikarane var m.a. at dei ønskja klåre prioriteringar av Rv 13-strekningar å løfta fram.

Andre prosessar og planar som påverkar utviklingsarbeidet for riksveg 13:

1. Utanom NTP-prosessen har det over fleire år gått ein prosess for val av trase for den såkalla Hordalandsdiagonalen for tilkopling mellom Bergen og Odda til E134.

I oktober 2024 har Samferdselsdepartementet bestemt at den vidare planlegginga av E134 arm til Bergen skal ta utgangspunkt i konsept 1. Konsept 1 følgjer i grove trekk dagens fylkesveg 49 frå Trengereid til Jondal og vidare til Odda. Deretter følgjer den rv. 13 opp til Jøsandal.

Statens vegvesen skal no utforma ein utviklingsstrategi i samarbeid med Nye Veier og Vestland fylkeskommune. Målet er å få på plass forslag til prioritering og finansiering av dei viktigaste prosjekta på strekninga.

Det er ønskje frå Fjordvegen Riksveg 13 om at dette vil inkludera høg prioritering av rv 13 gjennom Oddadalen.

Det er frå Vegvesenet håp om ferdigstilling av strategien i løpet av 2025.

2. Politisk prosess: Spørsmål om tilbakeflytting av ansvaret for nordre del av riksveg 13 frå Nye Veier til Statens vegvesen:

Bakgrunn: Ansvaret for utvikling av nordre del av rv 13 frå Skare sør i Ullensvang til Sogndal blei flytta frå Statens vegvesen til Nye Veier i 2022, og Nye Veier starta opp sin prosess med analysar av utfordringar, og prioriteringar av tiltak innafor deira ramer for riksveg 13.

Overføring av ansvar for drift og vedlikehald for same strekning vart ikkje løyst ved dette vedtaket. I løpet av 2024 er slik ansvarsoverføring frå Statens vegvesen til Nye Veier bestemt av Samferdselsdepartementet og beramma til september 2027.

I juni 2024 fremma Transport og kommunikasjonskomiteen eit forslag om tilbakeføring av ansvaret for riksveg 13 frå Nye Veier til Statens vegvesen. Begge fagetatar har fått uttala seg om forslaget. Svar ikkje kome ved årskiftet, men i pressemelding frå Regjeringa 22.01.25 der ansvaret går tilbake til Statens vegvesen med begrunnelse i at ansvar for fjellovergangane bør vera hjå ein aktør.

Samarbeide med andre:

Organisasjonar som Nasjonal rassikringsgruppe og lokalavdelingar av NAF har vore viktige

for dialog og konkret samarbeide i 2024.

Styret i Fjordvegen Riksveg 13 har prioritert å få deltatt i debatt under Arendalsuka. I august stilte Fjordvegen Riksveg 13 med styreleiar Marta Sofie Vange på debatt-arrangement som Nasjonal Rassikringsgruppe skipa til i Samferdselsteltet. Temaet var møtet **En varslet krise for rassikring av våre veger!**

Frå Stortinget deltok to representantar frå Transport- og kommunikasjonskomiteen.

Arrangementet vart strømmet på nettet.

Samferdselsteltet er organisert av Opplysningsrådet for veitrafikken (OFV), og samarbeidet med desse og Nasjonal rassikringsgruppe fungerer godt.

Tiltak i tråd med vedteken NTP 2022-33 og vedteken 2025-33 med konsekvensar for RV 13

Det er lagt opp til jamnleg kontakt mellom administrasjon og styre i Fjordvegen og Nye Veier lik den etablerte kontakten med Statens vegvesen sin strekningsansvarlege for søre del.

Også i januar-februar 2024 kom rashendingar og periodar med rasfare som gav stengt Vikafjell, stenging av vegane inn til Odda og riksveg 13 mellom Nesflaten og Røldal. Selskapet har drøfta og forsøkt å påverka til raskare sikringstiltak på dei mest utsette punkta.

På alle styremøter vert punkt med særskilte utfordringar drøfta. Sjå og om våre uttalar over.

Etter at Nye Veier har overteke ansvaret for nye tiltak og planar for nordre del av riksveg 13, har spørsmålet om inkludering av Vikafjellet og planarbeid til tunnel-løysing her vore i fokus.

Etter NTP-vedtaket, arbeider Statens vegvesen med ein såkalla Gjennomføringsplan (tidlegare kalla Handlingsprogram). Planen skal vera ferdig i februar 2025. Gjennomføringa heng i stor grad saman med løyvingane i årlege Statsbudsjett.

Styretur med sju medlemsmøte 21. - 23. oktober:

Heile riksveg 13 frå Stavanger til Sogndal vart synfart over tre dagar saman med fagfolk frå Statens vegvesen og Nye veier AS. Styret skipa samstundes sju møte for påmeldte medlem i løpet av turen for å gje informasjon og bidra til dialog med fagetatane og styret. Møta var i Stavanger, Tau, Hjelmeland, Sand, Kinsarvik, Voss og Vik.

Over 40 representantar for medlemmane møtte styret, administrasjon og fagetatane på desse møtene. Dette er ein viktig ordning som vanlegvis har vore gjennomført kvart 4. år. Pga Covid 19-situasjonen i 2020 var det åtte år sidan sist arrangerte tur langs heile rv 13 med medlemstreff.

Profileringsarbeidet i tråd med Handlingsplan 2024 – 2026:

Medlemsskrivet **Fjordvegdrøsen** pr epost gjekk ut fire gonger i 2024 til medlemmer og særleg interesserte mottakarar innan fagmiljø, næringsliv og politikk. Der vert det presentert nytt frå selskapet sitt arbeide og større prosjekt samt ytringar frå styret, medlemmane og fagmiljø. Det viktigaste var å få merksemd og deltaking på årskonferansen. Lesartala er monaleg høge og aukande i høve tal mottakarar.

Sosiale media er i fokus som medlemspleie og for å oppnå merksemd.

Facebook-profilen blir oppdatert med generelt nytt frå styret, det som skjer rundt Rv 13 i media, politiske prosessar rundt NTP og Statsbudsjettet, spesifikke utfordringar som stengingar og rasproblem. Det vert og delt fagartiklar og nytt frå næringsmedlemmane. Over 940 følgjarar hadde profilen ved årsskiftet utan at dette aleine er noko kriterie for engasjement. Fjordvegen si vinkling skal vera på lag med medlemmane sitt syn.

Instagram-profilen vert brukt til spreiding av informasjon med fotos og videoar frå utfordringar langs vegen, og informasjon frå faglege og politiske arrangement Fjordvegen Riksveg 13 deltek i.

Heimesida **www.fjordvegen.no** er faktabasert og fungerer som stabil informasjonsstad for alle eksterne brukarar samt eigne medlemmer.

Medlemspleie, aktivitet og rekruttering

Det er i løpet av 2024 kome til fire nye medlem.

Den store aktiviteten i høve medlemmane dette året er årskonferansen og ikkje minst alle dei sju medlemsmøta som var arrangert under styreturen i oktober, jf. tidlegare omtale.

<https://fjordvegen.no/medlemmer/>

Tilstand - status for utvikling av Rv 13:

Rv13 har fleire delstrekningar med vedvarande utfordringar for dei vegfarande og gjev uakseptabel låg mobilitet og høg rasfare for lokalbefolkning og næringsliv. Døma er uføreseielege vinterstengingar for vegen over Vikafjellet, trafikale problem og manglande framkome mellom Kinsarvik og Bu i sommarsesongen og årvisse snø- og steinras t.d. på Byrkjenes, Brattlandsdalen og Rødsliane / Lovraeidet. Sommaresesongen 2024 viser sterk trafikkauke på nokre strekk.

Heile Oddadalen er og svært utfordrande for næringslivet, lokalbefolkning og turistar. Sommaren 2024 bemanna vegvesenet området ved Låtefoss i ein lengre periode for å sikra mjuke trafikkantar og hindra ulukker. Stor auke i turisttrafikken var hovudårsaka til denne ekstra innsatsen,

Det er framleis rundt 30 punkt med høg og middels skredfaktor langs riksveg 13, sjølv om tiltak er under planlegging og under arbeid for nokre av punkta, både frå Statens vegvesen (Rødsliane, Suldal og mindre tiltak) og Nye Veier (Byrkjeneset)..

Statens vegvesen si reviderte liste over skredpunkt med høg og middels høg skredfaktor (del av NTP-leveransen 2019) viser at nokre punkt på riksveg 13 er summert med høgare skredfaktor. Årsak til dette er hovudsakleg auke i Årsdøgntrafikk, m.a. nord for Voss mot Myrkalden.

Nye veganlegg og større utbetringstiltak langs Rv 13 med arbeid i 2024:

Frå sør:

Lovraeidet – Rødsliane, Suldal:

Rødsliane: Endeleg løysing for ein 3 km lang tunnel som er vedteken med finansiering i Stortinget 4. juni 2024 etter ein såkalla KS2-prosess av vegvesenet sine planar (ekstern kvalitetssikring). Detaljprosjektering er utført i 2024, nokre utfordringar finst i høve utfylling i Lovraffjorden. Entreprenør er vald. Styringsråma er på 1,11 mdr. kr pr 2022. Prosjektet er planlagt med oppstart i 2. halvår 2025 og opna for trafikk i 2030.

Statens vegvesen har elles ei rekkje mindre tiltak i gang eller under planlegging for Rv 13. Desse høyrer inn under *Mindre investeringer* som er eit samlebegrep for:

- Utbedringsstrekninger
- Vegprosjekt med kostnad under 1 mrd. kr
- Målretta tiltak: Trafikksikkerheits-, utbetnings-, kollektiv-gang-og sykkel-og miljøtiltak, døgnkvile- og rasteplassar og ITS
- Fornying (utbetre forfall på vegkropp, bru og tunnel inkl. tunnelsikkerhetsforskrifta)
- Nasjonale turistveier
- Skredsikring
- Planlegging og grunnnerv

Mindre investeringar gjeld t.d. for strekket Håra-Botn (Brattlandsdalen) og ved Lono, m.a. skredsikring og breiddeutviding.

Tunnelutbetningar blir det og brukt ressurar på langs rv 13.

Nordre del av heile riksveg 13:

For Rv 13 gjeld ei særskilt ordning frå Skare og nordover til Sogndal: Som vist før har Nye

Veier pr dato ansvar for prioritering og utvikling av nye tiltak, medan Statens vegvesen har enno ansvaret for vedlikehald og drift fram til september 2027.

Nye Veier har i sine analysar av utfordringar langs nordre del av Rv 13 delt inn vegen i fem delstrekningar for vidare detaljprioritering:

- Skare - Odda
- Odda - Hardangerbrua
- Hardangerbrua - Voss
- Vinje - Vangsnes
- Hella - Sogndal

I søre enden av Nye Veier sitt område er fire strekk førebels prioritert å arbeida vidare med (utover Byrkjeneset med konkret plan, sjå under):

Kyrkjenes-Berget (framkomst), Aurskreda (skredsikring), Freim-Djupevik (framkomst), Oddadalen (framkomst).

Midtre område: Skredpunkt Osgjelet, framkomst deler av strekningen Vinje – Myrkdalen, Dårlig vegkvalitet Myrkdalen – Hola, Skredpunkt Kvassdalen.

Nordre område: Vikafjellet: Nye Veier vurderer alternative løysingar, selskapet kan ikkje finansiera tunnel innafor løyvde midler.

Osgjelet (Voss): Prioritert prosjekt i NV, Myrkdalen – Hola: Strekket må sjåast i sammenheng med Vikafjellet.

Byrkjeneset: Pr hausten 2024 er det etter vedtak i styret i Nye Veier no klart for Nye Veier sitt første Rv 13 - prosjekt. Hovudføremålet er rassikring på den 1,2 km strekninga Djupevik - Kviturtunnelen inst i Sørfjorden i Ullensvang kommune. Tiltaka er ny riksveg, inkludert ny gang- og sykkelveg og skredsikring. Entreprenør er vald. I november signerte Nye Veier avtale med Samferdselsdepartementet for bygginga her. Ferdigstilling er planlagt i 2026.

Nye Veier sine overordna prioriteringar for strekninga Riksveg 13 Skare – Sogndal pr november 2024: <https://fjordvegen.no/nye-veier-og-riksveg-13/>.

Oddadalen - plan: Etter det store steinraset i november 2023 er det ingen konkrete planar. Pr årsskiftet 2024-25 er strekninga ikkje inne i Nye Veier sin overordna prioritering. Imidlertid er strekket med i vald alternativ for prosjektet Hordalandsdiagonalen/Arm til Bergen (sjå anna punkt). Dette er eit overordna prosjekt som vegvesenet får oppdraget med frå Samferdselsdepartementet og som vil ta mange år å utvikla. Nye Veier skal vera med i denne prosessen.

Oalskor, Ullensvang: Drift: Etter raset i 2022 har Statens vegvesen sett opp fangnett som sikring, og tiltaket er vurdert som ferdigstilt.

Kinsarvik - Hardangerbrua:

Kinsarvik – Kyrkjeneset: Her fullførte Statens vegvesen sitt utbetningsprosjekt våren 2024. Tiltaket har medført stor lette for lokal- og regionaltrafikk samt turisttrafikken sommarstid.

Sogn:

Fleire punkt langs Sognefjorden Bondevik – Fardal var utbetra hausten 2023.

Svv har gjennomført rutinemessig drift på rv. 13 i Sogn i 2024.

I samband styreturen og medlemsmøta i oktober 2024, har Statens vegvesen og Nye Veier utarbeida oversiktlege lister og kart med utfordringspunkt og forslag til små og nokre større tiltak for Rv 13. Om dette og presentasjonar frå dei sju medlemsmøta:

<https://fjordvegen.no/styretur-og-meldemsmote-oktober-2024/>

Kommentarar til rekneskapen. Vidare drift.

SpareBank 1 SR-Bank Forretningspartner AS har ført rekneskapen etter rekneskapslova for Foreninga Fjordvegen Riksveg 13 i 2024. Vestlandsrevisjon iks har vore revisor for selskapet også i 2024.

Rekneskapen for 2024 viser at selskapet hadde driftsinntekte på kr. 1.114.580 og driftsutgifter på kr. 1.132.222

Driftsresultatet er på kr -17.642. Renteinntekter er kr. 16.730

Dette gjev eit ordinært årsresultat på kr. -912

Eigenkapitalen pr. 31.12.2024 er kr. 271.507

Diverse.

Arbeidsmiljø og personale.

Selskapet har ikkje egne tilsette, men kjøper sekretærenestene og profileringstenester frå Hardangerrådet iks.

Det har ikkje vore dagleg leiar i Fjordvegen Riksveg 13 i 2024, men normal drift gjennom annan administrativ ressurs.

Likestilling.

Selskapet sitt styre pr årsskiftet er 4 menn og 3 kvinner, og varamedlemmene i styret er 4 menn og 1 kvinne.

Miljø.

Fjordvegen Riksveg 13 si drift ureinar ikkje det ytre miljøet.

Kinsarvik 10.02.2025

.....
Marta Sofie Vange
styreleiar

.....
Anita Husøy Riskedal
nestleiar

.....
Roald Aga Haug
styremedlem

.....
Olav Lindseth
styremedlem

.....
Kristoffer Amdal
styremedlem

.....
Ingvald Torblå
styremedlem

.....
Marthe Hammer
styremedlem